

Vegen er i dag ein del av vegadressa Solvang. Bygga som er planlagde har foreløpig fått adressene Solvang 1A-B, 3A-D, 5A-D. I tillegg er det i reguleringsplanen avsett to ytterlegare tomter som det ikkje er ledige nummer til, sidan Solvang 7 og oppover allereie er i bruk. Solvang 1A-5D vil bli knytt til ny vegparsell, og får nytt adressenamn og husnummer.


Kommunen har allereie desse forslaga:

Austre Solvang (austre del av Solvang, konstruert namn)

Tøss-/Tors-/Tosshola/-hølo (desse namna i forskjellige variantar er å finne på Hordanamn, (sjå illustrasjon under)

Solvanghola/-hølo (konstruert namn, frå Solvang og Torshola)

Adressekode 4004 er tildelt.



Illustrasjon viser namn frå Hordanamn

Kommunen understrekar at adressenamnet Solvanghøyen allereie er i bruk annan stad i kommunen, og kan ikkje nyttast.